

Årsmelding 2023

Nemda har vore samansatt slik

Leiar: Audun Seilen

Jan Tore Veland, Stein Dalland, Ivar Haug, Job Nedrebø

Vara: Ingebjørg Kjærevik, Anne Gerd Nysveen og Odd Midtbø

Aktivitet 2023

Styret i Hsg utvida nemnda, med virkning frå 1/1-2023, til 4 medlemmar + leiar + 3 varamedlemmer.

Nemda har i meldingsåret hatt 4 møter og behandla 22 saker. Alle møta har foregått på Teams.

Har elles deltatt på styremøter fylkeslaget, lokale årsmøter, samlinger osv, osv.

Hovedmålsetjing for 2023 var å videreføra stor og god aktivitet i fylket og sikra eit godt tilbod til alle.

I og med at nemnda er geografisk fordelt, var det naturleg å laga ei **kontaktliste**, der kvar enkelt nemndmedlem har eit ekstra ansvar for å sikra kontakt ut mot det enkelte lokallag i sitt område.

Aktivetsliste er etablert, og som fortløpande vert oppdatert og skal innehalda det som er planlagt, samt har vore av aktivitet. I tillegg har me prøvd å halda ein grei frekvens på artikler til heimesida HSG. Jan Tore har handtert dette strålande.

I tillegg til eit stort antall fellestreningar rundt i lokalmiljøa, er det halde 5 kurs i fylket.

Aktivitet	Type	Når	Maks ant	Instruktør	Åpner for påmelding	Status	Tilknyttet lag
Kurs	Gjetarhund	12/2022-03/2023	6	Leif Tveit		Fullt	Bømlo S&G
Kurs	Gjetarhund	4-5/2-2023	8	Ivar Haug		Fullt	Voss S&G
Kurs	Gjetarhund	11-12/2-2023	8	Audun Seilen		Fullt	Indre Hard. S&G
Kurs	Gjetarhund	11-12/3-2023	8	Audun Seilen	24.02.2023	Fullt	Osterøy S&G
Kurs	Gjetarhund	11-12/3-2023	7	Ivar Haug		Fullt	Kvinnherad S&G

Kurs og treningsamlingar er bærebjelken i gjetarhundarbeidet. På denne måten kan ein læra av kvarandre, få tips og hjelp til å komma vidare mot det mål kvar og ein måtte setja seg.

Alt starter i det små, som bildet symboliserer



Så var det laget som representerte Hordaland under **NM 2023**. (Sindre ikkje med på bildet)
Dessverre stang ut for fleire, men **Sander og Pelle** viste styrke, kom til finalen og drog i land ein 12 plass. Hordaland beheld same kvote på 8 ekvipasjer til 2024.



Finalen i Norgesserien vart avvikla i Etne. Eit samarbeid mellom **Etne S & G og Haugaland Gjetarhundnemd**. Ein meget godt gjennomført prøve der **arrangør hausta mykje gode ord** i etterkant. Av 6 kvalifiserte ekvipasjer, var det **Sindre og Nala** som gjorde det best med ein flott 7 plass, 9 pl Ingebjørg og Wilma, 11 pl Sander og Pelle, 17 pl Stein og Tuva, 19 pl Sander og Bes, 31 pl Gunnar og Gin.



Siste store for året var finale i **Norsk nursery** som vart arrangert i Nord Trøndelag. Frå Hordaland vart det **Jan Tore og Sansa** som kom lengst. Vann dag 1 og 6 pl dag 2. Enda sammelagt på ein flott 3 plass. 9 pl Audun og Cap, 26 pl Dorothea og Maud, 27 pl Ivar og Dip.



Oppsummert stor aktivitet og gode resultat i fylket. God aktivitet blant dommarane og instruktørane våre.

Det som er ekstra kjekt, er at flesteparten av dei som gjer det godt individuelt, òg stiller opp og drar dugnadsarbeidet i lag med mange, mange andre.



Tommel opp og stor honnør til alle som er med og tar eit tak for fellesskapet!

Audun Seilen, leiar